

# HYRDINGEN

NR. 3

JUNI 2010

ÅRGANG 52

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## Krafttak for Bjoa kyrkje

Side 9



*Portrett:  
Anne Marie  
Reimers*

Side 6

# Dugnadsånda er levande i Vindafjord-bygdene

– I dette nummeret viser vi også litt av den store dugnadsaktiviteten som føregår innan kyrkje og kristenliv



Ein kaffikopp og pust i bakken for (f.v) Tor Helge og Magne Inge Vårvik, Erik Havrevold og Bernt Leite. Ragnvald Stople med ryggen til. I tillegg var Toralf Stople med på vaskedugnaden på Sandeid kyrkje.  
**Les meir om dette på side 3**

**Redaksjonen i Hyrdingen ynskjer alle ein God Sommar !**



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3243 05 05202

Adr. 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedreliid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### **Soknepresten i Skjold**

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold  
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89

Kontortid: Tys 9-15  
Ons og Tor 9-12

##### **Sigrunn Hagen Arnesen**

Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534  
sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no

##### **Martin Ivar Arnesen**

Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571  
Epost: martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Kommunehuset,  
Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97

Kontortid: Tor 9-15

##### **Prostiprest/fengelsprest:**

Arild Markussen tlf. 53 65 56 16  
Forværelse:

Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord**

Inghart Lasse Tveit, Rådhuset Ølen  
Tlf. 53 65 65 43 fa 53 65 65 66

##### **Soknerådsleiarar:**

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Anne Marie Reimers  
Sandeid: Kari Vik Stuhaug

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjøa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Elin Frøyland

# **Presten har ordet**

ved sokneprest Johannes Nedreliid



# **Ein evig sommar**

I skrivande stund skin sola og grade-stokken er på veg oppover og saman med mange andre ser vi fram til sommaren som skal kome. Etter ein lang vinter og mykje snø, vonar vi på sol og varme og vi gler oss over skogen som blir grøn og blomane som veks.

I desse tider har eg gått å tralla litt på ein sommarsalme i det nye salmeboktillegget, salmar 1997 som set så fint ord på sommaren og det vi ser fram til og det vi ønsker.

Dei første versa lyder slik:

Så grønn en drakt, så rik en duft  
har smykket dal og engar!  
Nu strykes ømt av lys og luft  
de fagre urtesenger.  
Hør lundens sus og bekkens brus  
forkynne hva som kommer:  
Omsider blir det sommer!

Sin lykke, fred og sommerfryd  
må yre fugler prise.  
I mark og skog fra nord til syd  
de jubler frem sin vise.  
Hør håpets klang i deres sang,  
i hymnen de lar kvede  
fra blomstereng og rede.

Det er Øystein Thelle som har omsett salmen som er skreven av ein kjend svensk poet og litteraturkritikar, Carl David af Wirén. Wirén levde samtidig med Bjørnson.

Denne salmen set på ein flott måte ord på det sommaren er for oss. Det er så flott når alt blir vekt til liv, når alt gror, når varmen kjem, og alt liv vaknar til liv att på ny. Det er så flott å sjå alt Guds skaparverk. Det gir glede, det gir inspirasjon. Eg kjenner at eg lengtar etter at sommaren skal kome for fullt. Denne lengten trur eg er i oss alle.

Men salmediktaren her eit vidare perspektiv med sommarsalmen sin, slik også overskrifta på andakta talar om når det heiter ein evig sommar.

Sommaren vi lengtar etter går over, det kjem haust og vinter, før det igjen blir sommar.

Men salmediktaren fører det vidare på vårt liv, når det tek slutt ønsker Gut at vi skal få ha ein evig sommar, alltid hos han.

Salmen talar også om dette når vi syng slik i dei siste versa.

Men du, o Gut, som gjør vår jord  
så skjønn i slike stunder,  
gi at jeg akter mest ditt ord  
og nådens store under!

Som blomst og løv blir muld og støv,  
skal vi og verden fare,  
men Herrens miskunn vare.

Alt kjød er gress og flyktighet  
det tærer fort av elde.

Kun du, Treenig majestet,  
er evig i din velde!

Med sjel og kropp skal jeg stå opp  
og blomstre i ditt rike,  
når denne jord må vike.

La falme verdens prakt og glans,  
la all dens lyst forsvinne.

Min venn er min, og jeg er hans,  
vår kjærlighet skal vinne!

Så syng det ut: Snart skaper Gut  
en sommer uten make  
og gir oss alt tilbake!

Jesaiaboka i bibelen talar om det same når vi les slik i kap. 29.: Eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, Fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gi dykk framtid og von.

Johannes Nedreliid  
Sokneprest i Ølen.

## Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

"Når det regnar på presten, så dryp det på klokka," er eit gammalt folkeleg uttrykk. Men det minkar på tilsette klokkarar og kyrkjeterinarar i Vindafjord, så nå må ein vel snart endra uttrykket? Tenestene går på omgang og dagnad. Sokneråda for dei 8 vakre kyrkjene våre drøftar strategi for framtida. Nytenking må nok til på fleire område. Fleire må aktiviserast.

Sjølv om det i rundskriv frå departementet (F-24-99) står at kommunen har ansvar for utgifter til "...kyrkjetenar, klokkar og organist/kantor," så slitt kyrkja med å få løyvingane til å strekkja til. Resultatet er at ein stadig aukande del av desse oppgåvene vert utført på dagnad for å kunna spara midlar til vedlikehald, kateket og andre viktige oppgåver. Å engasjera fleire i oppgåver i kyrkja er positivt. Det gjev eigarkjensle og interesse for å delta. Men i praksis så fell oppgåvene på stadig færre personar. Når dette er dei same som sit i soknerådet og er aktive i anna friviljug arbeid på bedehus og i bygda, så er ein inne i ein spiral som skrur seg feil veg. Blir folk slitne er det vanskelegare å motivera andre. Men sjå på grågåsa som flyg i plogformasjon. Det gjev minst luftmotstand. Med jamne mellomrom kjem ei ny fram og den som var i spissen kan vika inn lengre bak og få kvila. Nå vil eg oppfordra alle vener av lokalkyrkjene. Legg deg inn i plogen. Delta. Først kan hende litt bak. Etter kvart lengre framme.

Takk til alle som stiller opp for lokalkyrkja. På dagnad ute om våren, med kaffikoking eller bakst til kyrkjekaffien, pynting, kyrkjevertar, søndagsskule og diakoni. Når spørsmålet kjem om å rykka fram i spissen, i soknerådet, eller som klokkar og kyrkjeterar. Er du då klar for å svara ja?

"Lat oss ikkje trøytna medan vi gjer det gode! Når tida kjem, skal vi hausta, berre vi ikkje gjev opp." (Gal. 6, 9)

## Vårdugnad på Sandeid kyrkje



Ingrid Lofthus, Gunn Marit Owe og Njell Lofthus tok seg av bed og nye planter til krukkene.

Det har stått på planen ei tid å vaska delar av kyrkja utvendig. Då dagnadsgjengen var på plass i månadsskiftet april/mai registrerte kunnige folk raskt at det ikkje ville nyttas berre med vask. Målinga på tårnet var slitt og flassa. Så dei snudde seg på hælen og stilte opp for måling kort tid etter, og til konfirmasjonsdagen var inngangsparti og tårn igjen nymåla og fint. Også graskantene og bed vart

friserte og ny planter til krukkene kom på plass. Fleire små tre måtte fornysta etter den strenge vinteren. Vedlikehald av kyrkja er fellesrådet og kommunen si oppgåve, men sandeidbuen er ikkje vanskelege å be om dagnadsinnsats for pynte på og ved kyrkja. Soknerådet takkar så mykje for innsatsen!

Kari Vik Stuhaug

## Kyrkjedugnad i Vikebygd

"Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord. Og etter som eit under nytt liv av daude gror," syng vi i salmen av Blix. Og kvar vår, i byrjinga av mai, kallar soknerådet i Vikebygd saman til dagnad. Innbydinga fekk svar og 14 personar møtte opp ved kyrkja for å hjelpe til med å rydda singelgangar og blomebed for ugras, planta nye blomar og beskjera tre og planter i parken. På eine kyrkegården hadde snøen brekt ned ein del av eit stort tre. Fleire har delteke i å kappe det opp og å fjerna dei tjukke delane av stamme og greiner. Nå stilte nærmeste nabo, Kolbein Sund, opp med traktor og flisekuttar. Saman med Geir Vårvik og nokre til fjerna dei alle greinene.

På dagnad høyrer kaffipause med. Det høvde seg slik at det var opplett medan arbeidet føregjekk, men når kaffipausen tok til, opna skyene seg igjen og regnet strøymde ned. Arne Tveit opna opp kyrkjedørene så dagnadsgjengen fekk sitja under tak med kaffikoppen. Me takkar alle som deltok denne kvelden og gjorde det fint rundt kyrkja.



Arne Tveit og Rolf Alne i aksjon



Kolbein Sund og Geir Vårvik fjernar restane av treet.

Steinar Skartland

# Diakoniarbeid

Eit av dei mange ord som ein hører i samband med kyrkja og soknerådet er: Diakoni. Kva tyder eigentleg dette uttrykket?

## Kva er diakoniarbeid ?

Enkelte har stilt meg dette spørsmålet i det siste, og difor skriv eg dette. I handbok for soknerådet står det: "Med diakoni er meint kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid, og den tenesta som i særleg grad er retta mot menneske i naud. Diakoni er omsorg for heile mennesket. Diakoni er ikkje først og fremst ei rad med tiltak, men ei livshaldning. Det vil likevel vere tenleg å organisere diakoniarbeidet slik at tenesta blir målretta og systematisk og

slik kan koma fleire til gode."

Til dei mange oppgåvene soknerådet har, hører arbeidet med å fremja diakonien i kyrkjelyden. Sokneråda i Sandeid og Vikedal har difor valt eit felles diakoniutval på i alt sju medlemmer.

Me ser det først og fremst som vår viktigaste oppgåve å gå på besøk på sjukeheimane og elles besøkja sjuke og einsame i bygdene våre. Me har også hatt ein vellukka pensjonistmiddag på Sandeid søndag 18. april. Det er også planar om ein busstur for eldre. Me vil ikkje trengja oss på folk, men er det nokon som vil ha besøk eller treng einkvan å snakka med så ta gjerne kontakt.

## Omsorg

Så vil eg sitere noko direktør G. Apenes skrev i Aftenposten ein gong:  
Dette samfunnet er avhengig av mitt og ditt engasjement. Det må ikke bli et samfunn der all omsorg er offentlig belønnet. Du må kunne følgje en gammel dame over gaten uten å gå på kommunehuset etterpå og få det taksert.

**Diakoniutvalet for Sandeid - Vikedal.**  
Medlemmer i diakoniutvalet er: Rigmor Steinnes, Solfrid Grønnestad, Anne Marie Reimers, Herdis Pedersen, Else Hundseid, Elisabeth Guldhav og Mette Kristine Holthe.

Mette Kristine Holte, Vikedal.

# Vikedal sokneråd



På biletet frå venstre sokneprest Harald Eintveit, Kari F. Mo, Jan Magne Staurland, Anne Marie Reimers (leiar), Konrad Vikedal, Grete Solheim, Andreas Rosså. Herdis Vestbø Pedersen var ikkje til stades då biletet vart teke.

## Vikedal sokneråd har fylgjande viktige oppgåver å prioritera i denne perioden:

- Me ynskjer å arrangere barnemøter kvar 14. dag, frå hausten av, om me finn ein/ ei som er flink med born. (frå 4 år til 4. klasse) Ei litt anna form for Søndagsskule.

- Temakveldar over emne som gjeld både vårt daglege liv og vårt åndelege liv, med samtale og kveldsmat.
- Korleis få fleire til å prioritere gudstestene?
- Me ynskjer ei Diakoni-stilling i Vinda-

fjord Kommune. Dette er nokre utfordringer som me opplever er viktige.

Leiar, Anne Marie Reimers

# Vikestølsmøte 4. juli



Vikestølen er historisk stemneplace for folket i kyrkjesokna: Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats, men her kjem folk også frå eit mykje større distrikt. Frå år 1900 har det vore årlege stemnemøte her på stølen. I år vert dette søndag 4. juli, klokka 12:00, med Leif Kåre Kolnes som hovudtalar. I finvær vert møta ute, men skulle det regna, så samlast ein inne i hytta. Dei siste åra har ein kunna tilby skyss opp frå Vikebygd for folk som er dårlege til beins. Dette vonar styret for møtet dei skal få til i år også, men tek eit etterhald om vegen er køyrandes på. Uansett må det ver bilar med firehjulstrekk som er høge under for å koma fram.

I gamal tid gjekk folk dei gamle stigane oppover fjellet. Desse ligg her ennå. Nokre er gjort betre. Mange vel å køyra til Eikås på Bjoa og gå skogsvegen innover. Om lag 45 minutt tek det derfrå. Noko lengre om ein går opp frå Vikebygd. Etter det første møtet er det tradisjon å ta fram nistemat og termos til ei matøkt med mykje god drøs. Så samlast ein igjen til ettermidagsmøte.

Du kan lesa meir om denne 110 årige tradisjonen og historien om Vikestølen, på internett: [www.vikebygd.org/vs/](http://www.vikebygd.org/vs/)  
Vi ynskjer alle velkommen til fjells.

## Misjonsstevne i Vindafjord

I år blir det eit felles misjonsstevne for Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats og Skjold på Øvre Vats bedehus den 15 juni kl. 19.00. Stevnet er ope for alle - kvinner og menn. Klaus Muff blir med som talar. Sang av Kirsten Eskevik og Per Egil Meling. Hel-

singar og misjonsinformasjon hører med. Bevertning og Misjonsoffer

Ver med å be for arrangementet.  
Vel møtt!  
Inger Johanne Stangeland

## Prosjektkor - Innviing av nytt kyrkjeorgel i Skjold

1.søndag i advent 2010 skal det vera festgudsteneste i Skjold kyrkje. Nytt kyrkjeorgel skal då vera på plass og skal innviast. Dette er ei hending og ei markering Skjold kyrkjelyd har sett fram til. I samband med denne høgtidsdagen ønskjer ein å "hanke inn" songglade folk, gjerne tidlegare kormedlemmer og andre som likar å syng, til eit "prosjektkor" som kan vere med å setje farge på den store dagen. Øvingane vil føregå i ein avgrensa periode til hausten og blir leia av organist Juri Kotkovitch. Er dette noko du kunne tenka deg å vera med på, så ta kontakt med Marit Breivik - tlf. 97663240.

Komite for orgelinviing, Skjold

## Orgelet til Skjold kyrkje er under bygging



Orgelbyggjar Carsten Lund er i gong med å byggja orgelet til Skjold kyrkje i Danmark. Teikning viser kor flott det vil sjå ut oppe på galeriet.

Leiar i orgelnemnda, Liv Svendsen gleder seg til at orgelet kjem på plass, og seier at 1. søndag i advent vert det festgudsteneste og orgelkonsert.

I samarbeid med orgelkonsulenten og orgelbyggjaren, fann nemnda ut at det var nødvendig med ei stemme meir i orgelet enn først tenkt. Det betyr eit ekstra utlegg på kr. 200.000, og innsamling til dette er i gong. Liv Svendsen er optimist, og fortel om stor respons, og at mange gaver frå bedrifter og privatpersonar alt er komne.



## Sokneprest Martin Ivar Arnesen fyller 50 år

Familien inviterer til ope hus i prestegarden i Skjold sundag 13. juni kl 16.00-19.00. Martin Ivar tar gjerna imot ei gave til våre venner i Ihosy, Madagaskar.

# Portrett Anne Marie Reimers

Ho er soknerådsleiar i Vikedal, driv ein av dei største ungdomsklubbane i Vindafjord, og har kvinneforeining. Ho har tid til å tala misjonen si sak på møte kringom, men hjarta brenn framfor alt for vennene på Madagaskar.

Misjonæren Anne Marie Reimers er fødd på gard i Vikedal og har vakse opp i lag med 6 søsken.

Etter 1 år på folkehøgskulen på Sand var ho "stuepike" på ein stor fruktgard på Austlandet, og her fekk ho interesse for gartnaryrket. Etter utdanning og fleire års praksis med tre og blomar, såg ho at dette var ikkje hennar framtid.

På denne tida starta dei 4-H klubb i heimbygda. Arbeidet med borna der fekk henne til å tenkja på læraryrket, og det blei 4 år på Stord Lærarskule.

Før lærarskulen fekk ho med seg eit vårkurs på Solborg folkehøgskule. Dette gjorde noko med det åndelege livet til Anne Marie. Året etter valde ho ny livskurs, med Jesus som leiar.

## Kall til misjonsteneste

Etter nokre år i skulen og tilleggsutdanning i forming, var det eit bibelvers som stadig dukka opp i hennar tanke: "Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar---".

Ho fortel at ho då ofte bad: "Gud vis meg veg"! Og ei natt høyrdde ho tydeleg ei røyst som sa til henne: "Du skal reisa ut"!

Anne Marie melde seg til teneste, men fekk det svaret: "Du er ingen ungdom, 35 år, og ikkje har du språkkunnskap", - så det var vanskeleg.

Ho arbeidde då 1 år som foreningssekretær i Det Norsk Misjonsselskapet (NMS), og så vart det 3 mnd. på misjonsbibelskulen i Stjørdal. Men Anne Marie fekk ikkje fred, for misjonærkallet arbeidde i henne. Etter samtale med Trygve Sandvik og misjonssekretær Angel Eggen, vart ho roleg for noko Eggen sa: "Dersom Gud vil ha deg til Madagaskar, så ordnar han det. Send berre søknad".

## Endeleg ut til Madagaskar

Kort tid etterpå fekk ho telefon frå NMS om at søknaden var godtatt.

Ho vart innviggd til misjonær på 150 års jubileet til NMS i 1967, og etter 1 år språkstudie i Frankrike, og eit år med språk på Madagaskar, var ho på plass i misjonen si teneste. Draumen hadde gått i oppfylling,



og det vart 5 år som rektor ved ein skule med 600 elevar (70 – 80 i kvar klasse).

Etter dette var ho i Vangandrano i 4 år på ein folke / realskule. I denne tida vart det eit politisk skifte på Madagaskar. Kommunistane tok over, og det vart mange ting som blei vanskeleg, og i misjonen si teneste.

## Heime og ut att fleire gonger

Etter 3. perioden ute, gjekk Anne Marie på høgskulen i Volda, der ho studerte "Menighet og misjonskunnskap", og ho har m.a.vore Misjonssekretær i Molde i "heime-periodar". - Men gong på gong har ho

blitt kalla ut att til teneste.

Medan ho var husmor ved den norske skulen der ute, såg ho og andre at i dei vanskelege tidene gjorde noko med folket. Det var då mange foreldre som forlét born på gata, for dei såg seg ikkje syn med å fø dei. Det vart då til at Anne Marie var med og oppretta barneheim – i "fritida", og dei kjøpte eigedom med hus. Seinare bygde dei hus til høns, griser og ei ku.

Når ho ser seg tilbake, så gleder det henne at mange av borna dei fekk hjelpe i dag har tatt god utdanning, og er til stor nytte i samfunnet.



I 1987 var Anne Marie misjonssekretær i Molde. Då kom spørsmålet om ho kunne tenkja seg å komma ut og hjelpe på Nord-Madagaskar.. Der var ho med og starta bibelskule i Sambava. 2 år underviste ho der i Det gamle Testamentet, og dreiv søndagsskule

Etter ny heimtur vart ho på nytt kalla ut . Då var det på Aust-Madagsskar dei hadde bruk for henne. Staden der var veglaus, og det var 3 dagars fottur å nå fram. Heldigvis vart ein enkel liten flyplass nett ferdig , slik at ho slapp fotturen. I to år underviste ho på bibelskule og dreiv evangeliseringarbeid der (I tillegg lært ho konene til bibelskulelevene praktisk arbeid).

#### Pensjonisten

I 1996 vart Anne Marie pensjonist, og budde då i Molde, men om lag kvart år seinare har ho hatt ein tur til sitt andre fedreland



der ho har tenestegjort for NMS like til nå. Ho har og vore ute på eigen kost i ½ år. Siste tida på Madagaskar har Anne Marie vore oppteken med å få til eit enkelt kantineopplegg for skuleelevar. Ho har sett at



Anne Marie saman med 3 andre misjonærar hos ein prestefamilie som ho har hjelpt med utdanning m.m.)

elevane kjem på skulen utan å ha fått mat, og dei set svoltne heile dagen. Det gjer at dei maktar ikkje å konsentrera seg om skulearbeidet. Forsök syner at eit lite måltid på skulen betrar læringsa svært mykje.

Til hausten reiser Anne Marie ut att til dei små vennene på "Solskinsøya". Då satsar ho på å få til kantineopplegg der foreldre er med og kokar eit måltid til elevane medan dei er på skulen. Måltida vert enkle. Det kan vera koka mais med litt salt eller sukker i, eller koka ris med noko grønsaker, - men det er til enorm hjelp for dei stakkars borna.

#### Ho treng hjelp

Anne Marie fortel at det er ikkje økonomi til kantine- arbeidet, så ho må prøva å samla inn midlar før ho reiser ut. Dei som kan tenkja seg å vera med å hjelpa, kan ta kontakt med henne på telefon 52760588.

Mot slutten av samtalene sit ein att med kjensle av at eit intervju maktar ikkje å rettferdiggjera livet og tenesta til Anne Marie. Her er stoff for ei stor, spanande bok om misjonskall, ei lydig kvinne, og om evangeliet som skaper nytt liv, glede og håp.

"Gud er forunderleg og god", seier misjonären. "Han har lagt alt til rette, og har leia meg gjennom ventetider og utfordringar. Eg har fått den kraft og styrke eg har hatt bruk for, og eg har fått opplevt Guds rike velsigning".

#### 80 år

Anne Marie fyller 80 år den 30.juni. Jubilanten er bortreist og feirar dagen saman med twillingsøstera Bergliot. Hyrdingen vil få ynskja hjarteleg tillukke!

Jens Tveit

## Orgelet i Vats kyrkje treng reparasjon – Kronerulling startar i kulturveka

Orgelet i Vats kyrkje er frå 1920. Det er det eldste orgelet som er i bruk i heile Rogaland. Allereie ved kyrkejubileet i 2005, påpeika tidlegare organist i Vats, Stein Johannes Kolnes, at orgelet var modent for reparasjon. Diverre er det ikkje funne midlar til dette i etterkant av jubileet, korkje i kommunen eller hos fellesrådet. Nå er trøngen så stor for reparasjon, at orgelet har vore heilt ute av bruk i vinter. Ein orgelbyggjar vurderte orgelet i mars 2008, og gav tilbod på reparasjon til

omlag 250 000 kr. Skal me framleis kunna glede oss over orgelmusikk ved bryllaup, gravferder, høgmesser o. l., må me prøve å skaffe ein del av pengane sjølv. Etter kvart vonar me at kommunen/ fellesrådet også kan bidra med noko, og at soknerådet kan ta noko av eigne midlar.

9. juni, - i kulturveka i Vats, skal me heidre Eidhammer-familien for deire kulturformidling i mange år. Då syns me det høver å setja i gong ei kronerulling for

orgelet, som Nils Eidhammer har spelat på i over 50 år. Me har opprettat eit kontonummer, og håper at mange bygdafolk og andre, finn høve til å gi ei gåve til dette formålet.

Vats sokneråd sitt kontonummer er: 3240 18 24234. Merk gåva: prosjektnr. 521, som er orgelkonto.

Kristine Hjorteland og Inger Gunn Velde

# ***Madagaskar-tur oktober 2010***



Vil du bli med på tur frå Vindafjord til Ihosy på Madagaskar 9.-23. oktober?

Ein tur til eit annleis land – bli kjend med folk, kultur og ein særeigen natur. Møt gjestfridom og smil, sol og varme. Birte Barane, Sigrunn Hagen Arnesen og Martin Ivar Arnesen blir med på turen som reiseleiatar. Dei kjenner øya godt, og undervegs vil vi få informasjon om land, folk, kultur, kyrkje og misjon.

Pris: ca 19.000,- (inkl. fly Stavanger – Antananarivo t/r og flyskattar, overnatting, halvpensjon på Madagaskar og transport

med buss).

Pris er avhengig av kor mange vi blir på turen, valutasvingningar, avgiftsendaringar etc. Tillegg: visum, vaksiner, forsikring, tips til sjåfør etc.

Påmeldingsfrist: 15.juni 2010. Maks 16 deltagarar. Depositum: kr. 2.500,- (ved påmelding). Restbeløp: 16. august

## **For nærmere informasjon, kontakt:**

Martin Ivar Arnesen, Skjold kyrkje, Boks 6, 5574 Skjold. Tlf 980 37 571.

## ***Speidarbesøk frå Madagaskar***

17. juni kjem ei gruppe på 5 speidrarar frå Ihosy på Madagaskar til Vindafjord. Reiseleiatar er Pastor Andranirina Seta, som er synodepresident (biskop) og som og var mellom dei besøkande i 2009.

Under besøket vil dei mellom anna delta på speidarleir og gudsteneste på Refsnes i Vats, skulebesøk, gudstenester og andre samkome. I Vindafjord er det store og

aktive speidargrupper i Vats, Vikebygd og Skjold, slik som det og er ei stor og aktiv speidargruppe i Ihosy. Eit av hovudmåla med turen er å møta speidrarar frå Vindafjord og reisa saman med dei til KFUK/KFUM landsleiren på Lista 3-11.juli. Gjestene reiser tilbake til Madagaskar 11.juli.

Martin Ivar Arnesen



## **GUD**

Gud, vår Far i alle tider:  
Lær oss sjå di skaparmakt.  
Du som var og er og bliver.  
Altet er deg underlagt.  
Ved ditt ord du skapte kosmos,  
på din ordre ljoset kom.  
Mørke natt vart vendt til lysning.  
Liv steig fram for fyrste gong.

Gud, til oss din Son du sende;  
opna mildt vårt sinn og syn  
for din kjærleik utan ende,  
ævelang frå himmelbrynen.  
Ordet feste bu iblant oss,  
løyste ut og sette fri  
kvar ein træl frå armodsåket.  
Livet vann med nådetid!

Gud, din Ande let du renna  
kvitsundag med helg og fest.  
Ver oss nær når sorg vil brenna  
i vårt hjarta, høge gjest!  
Gjev oss pinsefred i uro,  
send din talsmann sterk og mild,  
så at livet klårt kan vitna:  
Det er deg vi høyrer til.

**Harald Eintveit**

# Krafttak for Bjoa kirke

En gang er det skolekjøkkenet, en annen gang Helsehuset, men nå er det Bjoa kirke det gjelder. Årene merkes på den 115 år gamle kirken på Bjoa. Selv om ikke forfallet er like opp i dagen alle steder trenger kirkebygget omfattende vedlikehold og reparasjoner for å ikke ”rågne på rot”.

Medlemmene i Bjoa sogneråd arrangerer årlig flere dugnader for å få utført nødvendig vedlikehold og reparasjoner av kirken, kirkegården, parkeringsplassen, minnesmerket utenfor m.m.. Sognerådet opptrer på vegne av kommunen som er ansvarlig for kirkens tilstand. At vedlikeholdet og reparasjonene ikke klarer å holde tritt med forfallet skyldes hovedsakelig manglende bevigninger og noen ganger dårlig oppmøte på dugnadene.

For å kunne utføre arbeid som nå skal i gang trengs mange dugnadsvillige hender, Leiv Tindeland er innehaver av et par av dem. Som fagmann ser han med fortvilel-

se på forfallet av egen kirke. Han ønsker en massiv innsats fra bygdas innbyggere, noe også sognerådet stiller seg bak. Fremdeles gjenstår mye arbeid. Derfor søker sognerådet etter omfattende dugnadsinnsats for arbeid som er planlagt utført i første halvdel av juni. Skraping og maling av sørveggen på kirken, samt rense taket for mose og grønske er noen av oppgavene som da skal utføres. Bygdas næringsliv har sagt seg velvillig til å stille med stillas og lift.

Folk som kan tenke seg å bidra med en innsats i juni kan henvende seg til: Elin Gjerde, tlf. 99 16 39 95, Leif Tindeland, tlf. nr. 53 76 97 51 - 90 06 06 91. Trond Ove Alvseike, tlf. nr. 91 35 92 57 Det er opprettet en egen prosjektkonto for Bjoa kirke med konto nr. 3240 18 22738. Vennligst merk bidragene ”Prosjekt 171” Les mer på [www.bjoanett.no](http://www.bjoanett.no)

Marit Eikehaugen



*Odd Gjerde på vei opp i høyden med Leiv Tindeland som sikrer medhjelper.*



*Leder i Bjoa sogneråd, Trond Ove Alvseike, er stø på hånden når vindusrammen får nytt malingsstrøk.*

## Leiar- og inspirasjonssamling på Kyrkjetunet

Misjonssambandet arrangerte leiar- og inspirasjonssamling på Kyrkjetunet i Ølen den 4. mai. Dei hadde engasjert den erfarte sjælesørgjaren og forkynnar Gunnar Elstad til å stå for undervisning om to aktuelle emne. Om lag 50 personar møtte fram. Den lokale NLM-foreininga hadde laga til servering, og det var lagt inn tid til ein god drøs.

### Overgrep i kristne organisasjonar

Tema for første undervisningstid handla om seksuelle overgrep mot barn og unge i kristne samanhengar. Fire kristne organisasjonar har laga felles retningsliner for korleis ein skal handtere slike situasjonar. Retningslinene vart kommenterte og delte ut til dei som ynskte å studere dei nærmare. Eit hovudpunkt i Elstad sitt innlegg var at det må vere openheit om desse spørsmåla sjølv om dei er vanskelege for enkeltmenneske og forsamlingsar. Han understreka også at tilsette og frivillige leiarar i misjonen går inn under eit juridisk ansvar for det som skjer når dei er i ein slik rolle. Dei har det fulle ansvaret dersom det skjer grenseoverskridande handlingar i ein relasjon.

### Bedehusland i 2010

Etter eit matøkt fekk forsamlinga del i Elstad sine tankar om dei utfordringar bede-

husa våre står overfor i vår tid. Han stilte fleire spørsmål til ettertanke. Eit av dei var dette: Veit folk rundt oss at me er glad i dei? Kanskje ein skal begynne med å fortelje at dei og har ein Far i himmelen som er glad i dei.

Eg trur at Guds Ord er viktig og kan forandre livet til menneska. Men me lever i ei tid der menneska ikkje trur på dei store orda. Dei er skeptisk til fine ord både frå politikarar, kristne menneske og andre. Dei er opptekne av korleis dei kristne lever og om dei snakkar realistisk om sine liv. Mange føler at dei må vere vellukka for å kome på bedehuset. Ein kyrkjelyd sette følgjande plakat ved inngangsdøra: ”Tilgang forbode for perfekte menneske”.

Elstad stilte vidare spørsmålet om korleis folk blir kristne i dag. Svaret hans var: 75 – 90% blir kristne ved at vener snakkar med dei om trua si. Eigentleg skulle me skaffe oss ei kristen forsamling først gjennom kontakt med andre menneske og så gå i gang med å få oss eit tenleg forsamlingslokale når behovet presser på. Me må ikkjetru at forsamlinga kjem bare me bygger nytt bedehus.

Arne Borgemyr



**Gunnar Elstad** (f. 1946) er utdanna i teologi, informatikk og psykologi. Han har arbeidd med litteratur, forkynning og sjælesorg i Skulelaget og Misjonssambandet. Han har også arbeidd seks år ved Indremisjons selskapet sitt senter for vekst og utvikling i Grimstad. For tida er han fast forkynnar i Misjonssalen i Oslo. Han har skreve desse bøkene:

#### SAMILIV OG SAMSPILL

Tredje bok i serien Sett mot i hverandre NÅR LIVET GJØR VONDT

Fjerde bok i serien Sett mot i hverandre GRUNNLEGGENDE SJELESORG

Første bok i serien Sett mot i hverandre LIVSHISTORIE OG FØLELSE

Andre bok i serien Sett mot i hverandre

## ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til  
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

LUNDENESET VGS  
Vi er en del av NLVGS  
LUNDENESET VGS  
Vi er en del av NLVGS  
LUNDENESET VGS

**Knapphus**  **BIL**

5576 Øvre Vats  
Tlf. 52 76 73 10

**Knapphus**  **BILVERKSTED**

5576 Øvre Vats  
Telefon: 52 76 73 12

**SpareBank 1 SR-Bank**

**Avd.: Ølen Avd: Vats Telefon 02002**

**GRAVSTEIN**



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

Se også vår hjemmeside:  
[www.skattkjær.no](http://www.skattkjær.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Årabrotsvn. 21, Kvala  
**Tlf. 52 70 42 90**

ÅPNINGSTIDER:  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30.  
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt

### Min plass og teneste!

Til hausten er dette temaet i Vats kyrkjelyd. Gud har gitt oss alle ei eiga utrusting. Nokon er god til å koka kaffi og nokon er gode til å leia møter. Nokon er flittige i dugnadsgjengen og nokon er trufaste i bønegruppa. Alle oppgåvene er viktige for at fleire skal få høyra evangeliet og veksa i trua på Jesus! Ynskjer du å finne ut litt meir om kva utrusting og nådegåver Gud har gitt til deg?

30.september kjem Ole Magnus Olafsrød til Vats og underviser om dette temaet. Vidare utover hausten vil det bli lagt til rette for gruppearbeid og samtale rundt temaet.

Arr: Vats sokneråd



### Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)



### Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted  
TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

# FRÅ KYRKJEBOKA

## ØLEN

**Døypte:**

14.03.2010 Michelle Søndenå Maage  
14.03.2010 Sander Hauge Christiansen  
04.04.2010 Tiril Dalaker Miljeteig  
04.04.2010 Emilia Digernes Lothe  
04.04.2010 Kristoffer Wong  
Fredriksen Haugland  
04.04.2010 Åshild Arnesen  
04.04.2010 Isabell Vågen  
04.04.2010 Irine Singh

**Døde:**

20.03.2010 Magne Kalhovde f.1925  
18.04.2010 Ragnhild Målfrid Tysse  
f.1930

## BJOA

**Døypte:**

04.04.2010 Joakim Torsen

**Døde:**

12.04.2010 Olav Sørensen f.1924

## VIKEBYGD

**Døypte:**

21.03.2010 Natalie Dommersnes Vågen

**Døde:**

20.04.2010 Kari Skartland f.1952

## VIKEDAL

**Døypte:**

14.03. Leah Bakkedal  
04.04. Lydia Haugan Helland

**Vigde:**

16.04. Ivar Arne Svendsbøe og  
Svetlana Yukhimchuk

**Døde:**

09.04. Lars Emil Blikra f.1922  
15.04. Knut Reisæter f.1924

## IMSLAND

**Døypte:**

01.04. Theodor Aasheim Imsland

**Døde:**

13.03. Odd Imsland f.1943

## SANDEID

**Døypte:**

Kaja Døvik  
Markus Furseth  
Åmund Byggstøyl Ørke

**Døde:**

17.04. Kristoffer Johan Bjelland  
f.1932

## SKJOLD

**Døypte:**

14.03. Casper Haraldseid  
04.04. Aleksander Brekke

**Døde:**

11.01. Sylvia Marilyn Lofberg f.1924  
08.04. Pauline Hauge Nilsen f.1910  
04.05. Johan Martin Lofberg f.1924

## VATS

**Døypte:**

21.03. Agnes Eiken Ohm  
28.03. Oliver Sørhus  
Even Søreide Sandvik

11.04. Milla Bauge  
Ingeborg Haugen  
Tilde Gundersen Hansen  
25.04. Sofie Gjellestad.

**Vigde:**

24.04. Karen Ann Ohm og  
Sven Ole Malmin

**Døde:**

15.03. Ingeborg Gurine Hustoft f.1914  
03.04. Olav Eide f.1938  
18.04. Ragnhild Målfrid Tysse f.1930

## Resultatet frå innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp

**Bøsseinnsamling:**

Skjold	kr 23.878,50
Vikebygd	kr 10.533,50
Vats	kr 25.470,50
Sandeid	kr 18.404,50
Imsland	kr 5.776,00
Vikedal	kr 13.153,50
Ølen	kr 40.803,00
Bjoa	kr 8.211,00

**Offer til fasteaksjonen:**

Skjold	kr 3.836,50
Vats	kr 3.425,70

Til saman bøsseaksjon  
og offer i Vindafjord: kr 153.492,70

## Brandøy-dagen

### Søndag 22. aug

Møte - kl. 11.00

Tale : Per Hjemdal . Song : Decor  
Søndagsskule for borna delt i 2 klassar.  
Sal av middag. Familieaktivitetar.

Familietreff - kl.14.30

Andakt: Marit A. Røen. Song: Decor.

## Vikestølsmøtet 4. juli kl. 12



Neste nr av Hyrdingen kjem ut  
9. september. Stoff kan sendast til  
Hyrdingen, Rådhuset 5580 Ølen  
E-post: hyrdingen.kyrkjebladet@  
vindafjord.kommune.no

Frist for innlevering av stoff:  
21. august.

## Møtekunngjeringar kan du og lesa på internett:

Vågen Bedehus: [www.vaagenbedehus.no](http://www.vaagenbedehus.no)

Kyrkjelnet: [www.kyrkjelnet.no](http://www.kyrkjelnet.no)

Vikebygd Bedehus: [bedehuset.vikebygd.org](http://bedehuset.vikebygd.org)

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
<b>13. juni</b> 3.s.e.pinse Luk 19,1-10	<b>Imsland kl. 11.00</b> Dåp Takkoffer: Blå Kors	<b>Skjold kl. 11.00</b> Friluftsgudsteneste Konfirmantinnskriving Takkoffer: Søndagsskulekrinsen	<b>Ølen kl. 11.00</b> Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjetur.
<b>20. juni</b> 4.s.e.pinse Luk 15,11-32	<b>Vikedal kl. 16.00</b> Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Vats kl. 11.00</b> Friluftsgudst. på Refsnes Dåp. Konfirmantinnskriving Takkoffer: Speidarbesøket	<b>Vikebygd kl. 17.00</b> Dåp. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirka.
<b>27. juni</b> 5.s e pinse Joh 8,2-11		<b>Skjold kl. 10.00</b> Takkoffer: Kirkens bymisjon	<b>Bjoa kl. 12.00</b> nattverd Takkoffer
<b>4. juli</b> Aposteldagen Matt 16,13-20	<b>Sandeid kl. 10.00</b> Dåp Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Vats kl. 12.00</b> Nattverd Takkoffer	
<b>11. juli</b> 7.s.e.pinse Matt 16,24-27	<b>Vikedal kl. 12.00</b> Rootsgudsteneste Takkoffer: Rootsfestivalen		<b>Ølen kl. 10.00</b> Takkoffer:
<b>18. juli</b> 8.s.e.pinse Jes 49,13-16	<b>Imsland kl. 10.00</b> Takkoffer: Norsk kyrkje i utlandet	<b>Skjold kl. 12.00</b> Nattverd Takkoffer: IKO	
<b>25. juli</b> 9 s.e.pinse Matt 7,21-29	<b>Sandeid kl. 10.00</b> Takkoffer		<b>Vikebygd kl. 12.00</b> Nattverd Takkoffer: IKO
<b>1. august</b> 10.s.e.pinse Luk 12,42-48		<b>Vats kl. 10.00</b> Nattverd Takkoffer	<b>Bjoa kl. 12.00</b> Nattverd, Takkoffer:
<b>8. august</b> 11.s.e.pinse Joh 6,66-69	<b>Imsland kl. 12.00</b> Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid		<b>Ølen kl. 10.00</b> Takkoffer:
<b>15. august</b> 12.s.e.pinse Sal 32,1-5	<b>Sandeid kl. 12.00</b> Nattverd Takkoffer	<b>Skjold kl. 10.00</b> Nattverd Takkoffer: Normisjon	
<b>22. august</b> 13.s.e.pinse Matt 12,33-37	<b>Vikedal kl. 11.00</b> Familiegudsteneste på Motorbanen Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Vats kl. 17.00</b> Nattverd Takkoffer	<b>Vikebygd kl. 11.00</b> Nattverd. Takkoffer: NMS
<b>29. august</b> 14.s.e.pinse Matt 5,38-42	<b>Imsland kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Skjold kl. 17.00</b> G-17 Nattverd Jungelbarna Konfirmantpresentasjon Takkoffer: BU-arbeidet	<b>Ølen kl. 11.00</b> Misjonssøndag Nattverd Takkoffer.
<b>5.september</b> 15.s.e.pinse Joh 5, 1-15	<b>Sandeid kl 16.00</b> Konfirmantpresentasjon Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Vats kl 11.00</b> Konfirmantpresentasjon Takkoffer	<b>Bjoa kl 11.00</b> Famligudsteneste Konfirmantpres. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer.
<b>12.september</b> 16.s.e.pinse Luk 10,38-42	<b>Vikedal kl 16.00</b> Konfirmantpresentasjon Nattverd Takkoffer	<b>Skjold kl 11.00</b> Hausttakkefest 4-årsboka Takkoffer: Gadjiwanprosjektet	<b>Ølen kl 11.00</b> Konfirmantpresentasjon. Takkoffer.

Sokneprestane i Vindafjord har ferie etter følgjande plan:

Johannes Nedreld, Ølen: 9. – 27. juni og 5. – 22. august.

Sigrunn Hagen Arnesen og Martin Ivar Arnesen, Skjold: veke 27, 28, 29, 30 og 31.

Harald Eintveit, Vikedal: veke 27, 28, 29 og 30

Prostipresten har ferie etter følgjande plan

Arild Markussen: 18. juni – 8. juli og 2. – 8. august

Prestane vikarerer for hverandre.

**HVORDAN  
HAR DU DET**

egentlig?



Kirkens SOS  
815 33 300

ET Menneske Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)